

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: , Grand Hotel Terminus
Dato: 17.12.2018
Tidspunkt: 10.00 – 15.00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Inge Reidar Kallevåg	Leiar	H
Kristian Helland	Nestleiar	FL KRF/SP
Terje Kollbotn	Medlem	R
Åse Gunn Husebø	Medlem	A
Sara Økland	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Prosjektleder/fylkesrådmann Vestland fk, sak PS 115/18
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Konst. fylkesrådmann, sak PS 116/18 – PS 118/18
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring, sak PS 117/18 – PS 118/18
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringsjef, sak PS 118/18
Linda Farestveit	Seksjonsleder skule, sak PS 117/18
Stig Aasland	Seniorrådgjevar skule, sak PS 117/18
Bjarne Ryland	Partner i Deloitte
Espen Hordvik	Rekneskapsrevisor i Deloitte
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Hordaland fylkeskommune
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Inge Reidar Kallevåg
utvalsleder

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 113/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 114/18	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 115/18	Prosjektleiar/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune orientere om status i arbeidet med regionreforma	2016/3311	
PS 116/18	Fylkesrådmannen orienterer om det er "business as usual" i fylkeskommune trass regionreforma	2016/3311	
PS 117/18	Fylkesrådmannen orienterer om oppfølging av tilsynsrapport vidaregåande opplæring for vaksne Sotra vgs	2015/12604	
PS 118/18	Fylkesrådmannen orienterer om ny status for oppfølging av tilsynsrapport fagopplæring	2015/12604	
PS 119/18	Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport for 2018	2016/4239	
PS 120/18	Oversendingsspørsmål frå utval for opplæring og helse	2015/4288	
PS 121/18	Forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning - Status i arbeidet ved Deloitte	2017/17902	
PS 122/18	Selskapskontroll av Bybanen AS - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/11222	
PS 123/18	Forvaltningsrevisjon av Bybanen utbygging - Status i arbeidet ved Deloitte	2018/14427	
PS 124/18	Selskapskontroll av VIGO IKS - Status i arbeidet ved Deloitte	2017/4190	
PS 125/18	Bestilling av forvaltningsrevisjon	2015/11179	
PS 126/18	Oppfølging - Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i	2015/8849	
PS 127/18	Plan for anbudsprosess vedrørende val av revisor for Vestland fylkeskommune	2018/16811	
PS 128/18	Kurs i regi av Deloitte 2019	2014/10532	
PS 129/18	Gjennomgang av møteprotokoller	2015/11023	
PS 130/18	Referatsaker		
RS 56/18	Skatt oktober 2018	2015/12603	
RS 57/18	Større saker til politisk behandling 1. halvår 2019	2015/10845	
RS 58/18	Status for oversending og spørsmål i fylkesutvalet pr.6.desember 2018	2015/10348	
RS 59/18	Status for "prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten"	2016/4239	
RS 60/18	Vedtak i FUV Rekneskapsrapport pr. oktober 2018	2016/4239	
RS 61/18	Kvalitetsmelding skuleåret 2017-2018	2015/11179	
RS 62/18	Tilsyn - Hordaland fylkeskommune Eigedomsavdelinga - Vaskehall Haugland bussanlegg	2015/12604	
PS 131/18	Eventuelt		

PS 113/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

PS 114/18 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Vedtak

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 19.11.2018 vart samrøystes vedteke.

PS 115/18 Prosjektleder/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune orientere om status i arbeidet med regionreforma

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at prosjektleder/fylkesrådmannen, Rune Haugsdal, kjem i møte 11.06.2019 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma.»
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

Prosjektleder/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune, Rune Haugsdal, orienterte om status i arbeidet med regionreforma og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ønskjer også at ny orientering 11.06.2019 skal innehalde informasjon om korleis arbeidet med tilsettingar og inn plasseringar har gått.

Kontrollutvalet ønskjer at sekretariatet legg fram sak om m.a. tal medlemmer i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, kor mange av dei som skal sitte i fylkestinget, spørsmål rundt budsjett og reglement for kontrollutvalet til møte 11.02.2019.

Med nye punkt 2 og 3 vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at prosjektleder/fylkesrådmannen, Rune Haugsdal, kjem i møte 11.06.2019 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma.
2. Kontrollutvalet ønskjer også at denne orienteringa skal innehalde informasjon om korleis arbeidet med tilsettingar og inn plasseringar har gått.
3. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet legg fram sak om m.a. tal medlemmer i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, kor mange av dei som skal sitte i fylkestinget, spørsmål rundt budsjett og reglement for kontrollutvalet til møte 11.02.2019.
4. Informasjonen vert elles teken til orientering.

PS 116/18 Fylkesrådmannen orienterer om det er "business as usual" i fylkeskommune trass regionreforma

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at konst. fylkesrådmannen, Ingrid Kristine Holm Svendsen, kjem i møte 11.06.2019 for å orientere om ny status.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

Konst. Fylkesrådmann, Ingrid Kristine Holm Svendsen, orienterte om det er «business as usual» og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at konst. fylkesrådmannen, Ingrid Kristine Holm Svendsen, kjem i møte 11.06.2019 for å orientere om ny status.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

PS 117/18 Fylkesrådmannen orienterer om oppfølging av tilsynsrapport vidaregåande opplæring for vaksne Sotra vgs

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

Fylkesdirektør opplæring, Svein Heggheim, Seksjonsleiar skule, Linda Festveit og seniorrådgjevar skule, Stig Aasland, orientert om kva som er/vil verta gjort for å rette opp regelverksbrota som kjem fram i tilsynsrapport vidaregåande opplæring for vaksne Sotra vgs. og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Dokumentasjon som viser at fylkesmannen har avslutta dette tilsynet vart send medlemmene i kontrollutvalet på e-post før møtestart.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 118/18 Fylkesrådmannen orienterer om ny status for oppfølging av tilsynsrapport fagopplæring

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

Fagopplæringsjef, Torbjørn Mjelstad, orienterte om ny status for oppfølging av tilsynsrapport fagopplæring og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 119/18 Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport for 2018

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar interimisrevisjonsrapport 2018 frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

Partner i Deloitte, Bjarne Ryland, og rekneskapsrevisor i Deloitte, Espen Hordvik, orienterte om resultatet av den gjennomførte interimisrevisjonen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar interimisrevisjonsrapport 2018 frå Deloitte til orientering.

PS 120/18 Oversendingsspørsmål frå utval for opplæring og helse

Forslag til vedtak

Alt. A:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide ei vurdering av lovtolkinga i høve RS 58/18 i OPHE 6.11.2018.
2. Dei vert beden om å komme med forslag til ein plan som viser korleis dei vil gjennomføre arbeidet, kor mange timar dei reknar med går med og når arbeidet kan vera ferdig.
3. Planen skal leverast sekretariatet seinast innan 21.01.2019 og handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

Alt. B:

1. Kontrollutvalet ønskjer ikkje å prioritere å bruke tid og ressursar på lovtolking i høve RS 58/18 i OPHE 6.11.2018.
2. Saka vert send over til fylkesrådmannen for vurdering av om ho vil be fylkeskommunen sin advokat sjå på saka.

Alt. C:

1. Kontrollutvalet ønskjer ikkje å prioritere å bruke tid og ressursar på lovtolking i høve RS 58/18 i OPHE 6.11.2018.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

Etter felles drøfting i kontrollutvalet vart det semje om å gå for alternativ A i forslag til vedtak.

Følgjande problemstillingar/moment vert m.a. ein del av bestillinga:

- Avklare med departementet
- Praksis frå Akershus, Rogaland og Trøndelag
- Lovtolking på spesialundervisning i private skular vs. offentlege
- Kven har finansieringsansvaret for private skular på dette området
- Spesialundervisning reletert til den einskilde elev eller det totale elevtalet
- Jf. også Ljosland sine spørsmål i OPHE – RS 58/18

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Alt. A:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide ei vurdering av lovtolkinga i høve RS 58/18 i OPHE 6.11.2018.
2. Dei vert beden om å komme med forslag til ein plan som viser korleis dei vil gjennomføre arbeidet, kor mange timar dei reknar med går med og når arbeidet kan vera ferdig.
3. Planen skal leverast sekretariatet seinast innan 21.01.2019 og handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

PS 121/18 Forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kari Gåsemyr, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 122/18 Selskapskontroll av Bybanen AS - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kari Gåsemyr, orienterte om status i arbeidet med selskapskontroll av Bybanen AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 123/18 Forvaltningsrevisjon av Bybanen utbygging - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kari Gåsemyr, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon av Bybanen utbygging og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 124/18 Selskapskontroll av VIGO IKS - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

1. Revisjonsrapport for selskapskontroll av VIGO IKS vert å levere sekretariatet innan.....
2. Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kari Gåsemyr, orienterte om status i arbeidet med selskapskontroll av VIGO IKS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det er uklart når revisjonsrapport vil vera klar til levering. Deloitte vert beden om å få dette avklart til møte i kontrollutvalet 11.02.2019.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Deloitte vert beden om å få avklart til møte 11.02.2019 når revisjonsrapport for selskapskontroll av VIGO IKS vert å levere.
2. Informasjonen vert teken til orientering.

PS 125/18 Bestilling av forvaltningsrevisjon

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 07.01.2019.
4. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
5. Prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering i møte 11.02.2019.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

I diskusjonen kom det fram forslag om desse to prosjekta:

- Prosjekt nr. 5: «Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel»
- Prosjekt nr. 9: «Transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga)»

Etter prøveavrøysting vart det 4 stemmer for prosjekt 9 og 1 stemme for prosjekt 5.

Moment/problemstillingar vert m.a. ein del av bestillinga for prosjekt 9:

- Forskjell Hordaland vs. Sogn og Fjordane
- System og rutinar
- Kompetanse og ressursar
- Kvalitet i arbeidet (likebehandling)
- Tilfredstillande system?
- Blir politiske vedtak på området følgd?
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og brukarorganisasjonar bør involverast

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan Transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga).
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 07.01.2019.
4. Kontrollutvalet gjev utvalseiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
5. Prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering i møte 11.02.2019.

PS 126/18 Oppfølging - Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i og seier seg ferdig med saka.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i og seier seg ferdig med saka.

PS 127/18 Plan for anbudsprosess vedrørende val av revisor for Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek plan for anbudsprosess vedrørende val av revisor for Vestland fylkeskommune til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek plan for anbudsprosess vedrørende val av revisor for Vestland fylkeskommune til orientering.

PS 128/18 Kurs i regi av Deloitte 2019

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innen 01.04.2019
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innen 11.06.2019
3. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet tar opp med administrasjonen om dei ønskjer å nytte noko av kurskvoten.
4. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført kurs innan «Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning».

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke-

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning 01.04.2019.
2. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet tar opp med administrasjonen om dei ønskjer å nytte noko av kurskvoten.
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa.

PS 129/18 Gjennomgang av møteprotokoller

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- Fylkestinget 11. – 12.12.2018
- Fylkesutvalet 21.11. og 06.12.2018
- Utval for kultur, idrett og regional utvikling 13.11. og 04.12.2018
- Utval for opplæring og helse 27.11.2018
- Utval for miljø og samferdsel 28.11.2018

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 130/18 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

RS 62/18 Tilsyn – Hordaland fylkeskommune Eigedomsavdelinga – Vaskehall Haugland bussanlegg

Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å komme i neste møte for å gjera greie for status i oppfølging av tilsynsrapport gjeldande vaskehall på Hauglandshella.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å komme i neste møte for å gjera greie for status i oppfølging av tilsynsrapport gjeldande vaskehall på Hauglandshella.
2. Dei andre referatsakene vart tekne til orientering.

PS 131/18 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

Handsaming i møte

Kontrollutvalet vart samde om at møtet som er planlagt til 16.09. – 17.09.2019 vert flytta til 2.09. – 03.09.19 for å sikre at sak om val av revisor når møte i fellesnemnda 12.09.2019.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Møtet i kontrollutvalet som er planlagt til 16.09. – 17.09.2019 vert flytta til 2.09. – 03.09.19.